

Forslag til sak til årsmøtet – Justering av styret si godtgjersle

I samband med årsmøtet til Fagleg forum for formannskapssekretærar (FFF) 10. mai 2023, vil underteikna foreslå at årsmøtet vedtar ei endring av godtgjersla til styremedlemmene.

Bakgrunn for saka

Årsmøtet vedtar årleg godtgjersla til styremedlemmene. Etter underteikna sin kunnskap er denne blitt sett som følger kvart sidan 2014:

- Leiar: Kr 15 000,–
- Kasserar: Kr 10 000,–
- Styremedlemmene elles: Kr 5000,–

Underteikna meiner ovannemnde summar er eit rimeleg utgangspunkt, men at godtgjersla burde utviklast i tråd med prisveksten i samfunnet for å halda fram å vera ein rimeleg kompensasjon for den innsatsen styremedlemmene legg ned i tilbodet som FFF gir sine medlemmer.

Konsumprisindeksen (KPI) bør vera ei føremålstenleg retningslinje å leggja til grunn. Underteikna foreslår at årsmøtet vedtar ei eingongsjustering av godtgjersla basert på endringar i KPI f.o.m. mai 2014 t.o.m. april 2023. I skrivande stund er det KPI pr. februar 2023 som er tilgjengeleg, noko som utgjer ei auke på 29,4 %. Dette igjen ville gitt følgande godtgjerslesatsar for 2024:

- Leiar: Kr 19 417,–
- Kasserar: Kr 12 945,–
- Styremedlemmene elles: Kr 6472,–

(Endelege tal kan ikkje leggst fram her, då tala for den enkelte månad ikkje blir klare før i den etterfølgande månad.)

Vidare foreslår underteikna at godtgjersla for framtidige år (f.o.m. 2025) blir automatisk justert for kommande år basert på endringar i KPI f.o.m. april føregåande år t.o.m. april inneverande år (men likevel slik at styret legg fram bakgrunnstala i sakspapira til årsmøtet). Årsmøta er vanlegvis i mai, og KPI-tala for den enkelte månad blir som nemnd ikkje klare før etterfølgande månad. Derfor er april føremålstenleg.

Til illustrasjon inneberer altså ovannemnde forslag at godtgjersla for 2025 blir vedtatt i 2024 basert på endringar i KPI f.o.m. april 2023 t.o.m. april 2024.

Forslag til vedtak

1. Godtgjersla for 2024 blir regulert i tråd med endring i KPI f.o.m. mai 2014 t.o.m. 2023. Dette utgjer ei auke på XX,X % og godtgjersla blir fastsett slik:
 - a. Leiar: Kr XX XXX.–
 - b. Kasserar: Kr XX XXX.–

- c. Styremedlemmene elles: Kr XXXX,–
2. Godtgjersla for 2025 og framover blir regulert i tråd med endring i KPI f.o.m. april føregående år t.o.m. april inneverande år.
 3. Styret legg årleg fram sak for årsmøtet om justering av godtgjersle med informasjon om endringa av KPI i relevant periode.

Framlegget blir lagd fram av underteikna i eigenskap av å vera representant for Sveio kommune, medlemskommune i FFF.

Med vennleg helsing


Bjarte Stølås Storli
jurist og politisk sekretær, Sveio kommune